

1 **Sjukepleiarutdanninga treng eit løft**

2 Trenden i 2020 og 2021 viste at fleire ynskte å søke seg til sjukepleiaryrket. Dessverre varte
3 denne trenden like lenge som korona-pandemien. Dei to siste åra har tala gått drastisk ned.
4 Ingen ynskjer å velje ei utdanning som fører til eit yrke med utslitte og overarbeidde
5 helsearbeidarar. Noko må skje, og det kjapt!

6
7 Vi står overfor ei eldrebølge i Noreg, og idag manglar vi allereie 5000 sjukepleiarar. Dette går
8 ut over helsesikkerheita til befolkninga, og er ei dyr utgift for mange kommunar og
9 helseføretak. I følge Sykepleien.no blei det brukt 700 millionar kroner meir på
10 sjukepleiarvikarar i 2021, det tilsvasar til saman 2,4 milliardar kroner. Dette sett eit press på
11 ein allereie trang kommuneøkonomi som mange norske kommunar kjenner på. Å legge til
12 rette for desentraliserte utdanningstilbod, i samarbeid med kommunane, er nøkkelen for
13 levende bygder med arbeidskraft i heile Noreg.

14
15 For at desentraliserte tilbod skal vere attraktive kan ikkje studentane betale, ut av eiga
16 lomme, for å dekke ekstra bustad under praksis. Dette er realiteten for mange
17 sjukepleiarstudentar på desentralisere utdanningsintituasjonar idag. Utdanningsinstitusjonar
18 over heile Noreg må ta ansvar og ha gode ordningar for studentane i praksis slik at det dekker
19 dei faktiske kostnadane. Her må også regjeringa leggje til rette for at dette skal vere mogeleg
20 for utdanningsinstitusjonane. Skal fleire unge velje å utdanne seg som sjukepleiarar må vi ta
21 ansvar for framtida og sikre at vi kan forsyne oss sjølv med nok arbeidskraft. Dette vil vere
22 berekraftig for kommunane og for staten i det lange løpet.

23
24 Under Solberg si regjering vart det innført karakterkrav på sjukepleiarutdanninga for å sikre
25 at studentane er fagleg kompetente til å komme seg gjennom studiet. Det vi ser er at mange
26 dett ut av studie på grunn av stryk på eksamen. Fungerer denne ordninga slik den var tenkt
27 då? Nei, den stengjer ute potensielle studentar som er motivert for å bli sjukepleiarar.
28 Utdanningsinstitusjonane har ansvaret for å utdanne eigna sjukepleiarar, og det kan du bli
29 med 2 i matematikk! Du blir kontinuerleg vurdert under studiet, og om du stryk på eksamen
30 får du ikkje autorisasjon. Å ta vekk dette kravet går ikkje ut over pasientsikkkerheit.

31

32

33 **Senterungdomen vil:**

- 34 - At ein legg til rette for gode desentraliserte utdanningstilbod i heile Noreg
 - 35 - At ekstra konstader, som bustad og reise under praksis, skal dekkast av
36 utdanningsinstitusjonen
 - 37 - At grunnløna til sjukepleiarar skal auke
 - 38 - At ein skal fjerne karakterkrava i norsk og matematikk
 - 39 - At ein har nok praksisplassar som er kvalitetssikra
 - 40 - At ein skal vurdere om sjukepleiarstudentar skal få løn under praksis
 - 41 - At regjeringa skal leggje til rette for sunn kommuneøkonomi med handlingsrom for å
42 yte trygg og god helsehjelp
 - 43 - At ein skal legge til rette for fleire desentraliserte medisinutdanninger for å ruste opp
44 heile helsesektoren i heile Noreg
- 45
- 46 Sendt inn frå Sogn og Fjordane Senterungdom, Hordaland Senterungdom og Sigurd Ramdal